


PRØVEFISKERESULTAT - DRAGØYFJORDEN, 29.08.96.



Omtale av vatnet

- Vatnet ligg 1180 moh., areal 335 ha.
- Vatnet ligg nedstrøms Svartavatnet og Istjønnna.
- Vatnet ligg i grunnfjellsområde med innslag av fylitt på vestsida (Olavsbuheii).
- Nedslagsfeltet til Dragøyfjorden er på 34,7 km², den kalka delen utgjør 7,7 km².

Omtalen av fisken og fisket

- Prøvefisket vart gjennomført over ei natt med 2 W. Jensen prøvegarnserier.
- Samla fangst 38 fisk. 12 var vanleg vill aure, 4 var vill priikkaure og 22 var utsatt priikkaure frå 1991 og 1992.
- Største fisk 493 g, gjennomsnitt 149 g.
- Det vart funne marflo i mageinnhaldet i fangsten frå nedre del av vatnet.
- Gjennomsnittleg K-faktor 0,97, mot 1,04 i 1991.
- All fisk over 22-23 cm var raud eller ljøs raud i kjøtet.





Tiltak/konklusjonar:

- Andelen småfisk har auka som følge av utsettingane.
- Gjennomsnittleg K-faktor har gått ned som følge av større andel småfisk som vanlegvis har lågare K-faktor.
- Gjennomsnittsvekta er gått ned som følge av utsatt fisk som kjem med i materialet.
- Prøvefiskematerialet viser ikkje rekruteringsvikt i Dragøyfjorden.
- Det bør førebels ikkje setjast ut meir fisk.
- Overvaking av vasskvaliteten er viktig som vilkår for rekrutering.
- Det er ikkje naudsynt å endra fiskereglane i vatnet.
- Andelen priikkaure er vanskeleg å vurdere når ein ser bort frå den utsatte auren pga. liten fangst.

